

# REFERAT

## Frå møte i Landsrådet for saueavl 7. februar 2001

**Møtestad:** Norsk Kjøtt, Oslo

**Deltakarar:** Sigurd Krekke  
Olav Tiller  
Tormod Ådnøy (frå kl. 14.00)  
Lars Erik Wallin  
John Olav Husabø  
Signe Dahl (observatør)  
Tone Maria Hanssen (observatør)  
Leiv Sigbjørn Eikje (observatør, sekretær)

Rolf Aass og Inger-Johanne Holme hadde meldt forfall før møtet.

Møtet starta kl. 10.45 og vart avslutta kl. 17.15

### **Sak 1/01 Godkjenning av innkalling og referat frå tidlegare møte**

**Vedtak:** Innkalling og referat frå forrige møte vart godkjent utan merknader.

### **Sak 2/01 Godkjenning av rasar**

Det er avklara med Landbruksdepartementet at Norsk sau- og geitlagslag skal vere godkjennande instans for rasar av sau og geit. Styret i Nsg har vedteke at styret skal godkjenne etter innstilling frå landsråda for sau og geit. Ein har fått søknader om godkjenning av fuglestadbroget sau og blæset sau som eigne rasar. Vidare er det aktuelt å godkjenne grå trøndersau, gammalnorsk sau og gammal spæl som eigne rasar.

**Vedtak:** Landsrådet for saueavl tilrår ovanfor styret i Nsg at fuglestadbroget sau og blæset sau vert godkjent som eigne rasar. Grå trøndersau, gammalnorsk sau og gammal spæl vil ein vurdere nærare i samråd med Genressursutvalget før ei endeleg godkjenning vert tilråda. Ein går inn for at fuglestadbroget sau får rasekode 18 og blæset sau rasekode 19 i sauekontrollen.

### **Sak 3/01 Godkjenning av vêreringar**

Oversikt over søknadane om godkjenning for år 2000 vart delt ut på møtet.

Brev sendt til avlsutvalga for sau, med informasjon om utbetaling av tilskot pr. prøvevêr som vart avkomsgranska i vêre- og miniring hausten 2000 og antall prøvevêrsæddosar som var lagt inn hausten 2000, vart og delt ut.

**Vedtak:** Det vil verta sendt brev til dei vêreringane som ikkje oppfyller krava til ringdrift, med informasjon om at ringdrifta må leggjast ned frå og med sesongen 2001/2002 dersom desse krava ikkje vert innfridd.

Utbetaling av tilskot for prøvevêrer nytta i naturleg paring og gjennom semin vart tatt til etterretning.

#### **Sak 4/01 Organisering av deltaking på møter**

Organisering av Landsrådet for saueavl si deltaking på møter vart diskutert.

**Vedtak:** Alle møter der representantar for Landsrådet for saueavl stiller skal avklarast med avlskonsulenten.  
Det skal skrivast rapport etter kvart møte.

#### **Sak 5/01 Uttak av seminvêrer 2001, opplegg og organisering**

Olav Tiller orienterte om erfaringar omkring uttak av seminvêrer ifjor.

Forbetringar med omsyn til kommande sesong vart drøfta.

Oversikt over potensielle seminvêrkandidatar er sendt til avlsutvalga. Frist for tilbakemelding med synspunkter var sett til 10. februar.

**Vedtak:** Etter at tilbakemelding frå avlsutvalga føreligg skal det søkjast felles for alle seminvêrkandidatane, til dei veterinære myndigheitene, om overføring til seminastasjonen på Staur.  
I år skal vêrene vere på seminastasjonen på Staur innan 15. april.

På ferksædstasjonane i Rogaland, Hordaland og Troms skal ein i hovudsak setja inn dei beste vêrene i fylket som seminastasjonen høyrer til. Vêrer frå andre fylke vil verta sett inn dersom landsrådet finn dette naudsynt.

Vêrene kan setjast inn på seminastasjonen på Staur året etter dersom dei veterinære myndigheitene tillet det.

Avlskonsulenten og/eller leiar/nestleiar i Landsrådet for saueavl skal saman med ein representant frå avlsutvalget for sau i fylket som dei aktuelle verene kjem frå, føreta den endelege besiktinga av vêrene.

#### **Sak 6/01 Rekneskap for 2000 og budsjett for 2001**

Foreløpig rekneskap for 2000 vart lagt fram på møtet.

Referat frå møtet i Tiltaksfondet for småfe og fjørfe mm. med summene i bevilgninga til Landsrådet for saueavl, og svarbrev frå Fagsenteret for kjøtt om tilskot frå Omsetningsrådet til gjennomføring av avlsarbeidet på sau i 2001 vart gjennomgått.

**Vedtak:** Foreløpig rekneskap for 2000 vart tatt til etterretning.  
Landsrådet for saueavl tar bevilgninga frå Tiltaksfondet og Omsetningsrådet til etterretning og vil leggja opp arbeidet for år 2001 innanfor desse rammene.

Landsrådet foreslår budsjett for 2001 som vedlegg 1. til referatet viser, men går inn for at kr 500 000,- av tildelt beløp på kr. 700 000,- frå Omsetningsrådet vert delt til fylkesavslutvalga for sau i fyrste omgong.

**Sak 7/01 Kandidat til avlsstatuetten for vêrer**  
Kandidatar til avlsstatuetten for vêrer vart vurdert.

**Vedtak:** Landsrådet for saueavl tilrår ovanfor styret i Nsg at avlsstatuetten for vêrer vert tildelt Arne Amrud for vêren 9722940 Heino Amrud.

**Sak 8/01 Årsmelding for Landsrådet for saueavl**  
Utkast til fagrappport 2000 for Landsrådet for saueavl, som og er grunnlaget for årsmelding frå landsrådet, vart lagt fram på møtet.

**Vedtak:** Fagrappport 2000 for Landsrådet for saueavl vart vedtatt som fagrappport 2000 viser.

**Sak 9/01 «Eigenerklæringsskjema» for medlemmene i vêrering**  
Som eit ledd i arbeidet med effektivisering av arbeidet som vert gjort i vêreringar, jmf. Plan for revisjon av saueavlen, vart det på møtet lagt fram eitt utkast til «eigenerklæringsskjema» for medlemmer i vêrering utarbeida av avlsutvalget i Oppland og avlskonsulenten. Skjemaet skal nyttast som eit hjelpemiddel for ringstyret og avlsutvalget for å sjå til at reglar for vêreringar vert fulgt opp. Ein ønskjer vidare å få ei betre oversikt over kvaliteten på det avlsarbeidet som vert gjort i ringen.

**Vedtak:** Landsrådet for saueavl går inn for at 2 skjema, "eigenerklæringsskjema for avlsbuskaper" og "besetnings- og eieropplysninger for medlemmer i avlsbuskaper", som er vedlagt referatet (vedlegg 2 og 3.), vert prøvd ut i vêreringane i Oppland i år. Endelege skjema vil verta utarbeidd med bakgrunn i tilbakemeldingar frå Oppland og høyringar hjå dei andre avlsutvalga. Ein vil og diskuterta det på landssamling for avlsutvalga i Stjørdal, jmf. sak 10/01.

**Sak 10/01 Landssamling for avlsutvalga**  
Det skal haldast landssamling for avlsutvalga for sau i Stjørdal 16. og 17. mars. 2001.  
Program for samlinga vart sett opp.

**Vedtak:** Program for landssamling for avlsutvalga for sau i Stjørdal 16. og 17. mars 2001 vart vedteke som vedlegg 4. til referatet viser.

**Sak 11/01 Pelssau - framtidig strategi**  
Tilråding om framtidig avlsarbeid på pelssau, utarbeida av arbeidsgruppe nedsett av landsrådet (jmf. sak 48/00) vart lagt fram på møtet.

Arbeidet til gruppa stadfester at ein snarast råd må få til ein import av avlsmateriale i form av embryo då ein er iferd med å få eit stort problem med omsyn til innavl.

Då begge ringane har for lågt søyetal vart seminring(ar) der ein granskar vêrlam ved semin diskutert i arbeidsgruppa. Dette let seg ikkje gjennomføre i praksis på det noverande tidspunkt.

Sjølv om begge vêreringane for pelssau har for lågt søyetal ønskjer ein dispensasjon for framtidig drift.

Brev frå tidlegare Tysvær Pelsvêrering om oppstart av ny vêrering vart og handsama under denne saka.

**Vedtak:** Landsrådet for saueavl ønskjer å satsa på organsiert avlsarbeid på pelssau ei stund til, då det *kan* verta eit større marked for pelssauen på sikt. Ei nedprioritering av avlsarbeidet på pelssau nå, med nedlegging av ringdrift mm., vil gjera det vanskeleg å møte eventuelle framtidige moglegheiter.

Det skal søkjast Nsg Semin A/S om midler til import av embryo av gotlandsfår frå Gotland.

Dei to pelsvêrringane i Norge får dispensasjon til fortsatt drift sjølv om søyetalet er for lågt. Dette er ikkje ein varig dispensasjon.

Etter at ein er komen lengre med teoretiske berekningar ved bruk av semingransking, og dersom desse syner seg så positive at ein bestemmer seg for ei utvida satsing på semingransking, vil ein gå inn for at dette vert det framtidige avlsarbeidet på pelssau. Då vil ein og kume inkludere pelssauheldarar i andre deler av landet. Dersom konklusjonen vert det motsette og antal pelssau i ringane ikkje aukar, vil ein måtte sjå på framtida for pelsvêrringane på nytt. Landsrådet har tidlegare vedteke å trappe ned satsinga på minirigar, jmf sak 16/00. Ein kan difor ikkje gå inn for oppstart av nye ringar som har eit søyetal som er under dei minimumskrava som er sett i reglar for vêreringar.

Landsrådet går difor ikkje inn for at det vert starta opp nokon (mini)ring for pelssau i Tysvær. Eit avlsopplegg der semingransking inngår må verta vurdert i samband med dei to nåverande ringane for pelssau, då den totale populasjonen av pelssau er heller liten. Ei avklaring omkring dette kan difor ikkje finne stad endå.

## **Sak 12/01 Linjeavl**

Det førelå skriv frå avlsutvalget i Nordland, der ein ber om eit klarare svar angående linjeavl utover det som vart vedtatt i sak 8/00.

Det vert og stilt spørsmål om avlsutvalget for sau har fullmakt til å gi dispensasjon for kåring, der ein nyttar K og M-indeksen til foreldra.

**Vedtak:** Landsrådet for saueavl støtter avlsutvalget for sau i Nordland sine synspunkter om bruk av elitevêrer i linjeavlsopplegget.

Ei ytterligere evaluering av linjeavlsopplegget er nødt til å verta noko nedprioritert i forhold til andre utviklingsoppgåver ein heldt på med, då landsrådet allereie i 1997 vedtok at opplegget med linjeavl skulle avsluttast. Ein kan difor ikkje gi nokon klare råd angående kva krav ein skal stille til indeks på morlinjevêrene, utover det som er sagt i sak 8/00.

Ein skal ikkje nytte M-indeksane ved kåring. K-indeksane skal kun nyttast ved kjøtkåring.

Avlsutvalget for sau kan ikkje dispensere for dette.

### **Sak 13/01 Forlenging av avtale med Anne Guro Larsgard**

Ein ønskjer åforlenge Anne Guro Larsgard v/ Institutt for husdyrfag sitt engasjement hjå Nsg, der arbeidsoppgåvene har vore å teste ut bruk av nytt program for avlsverdiutrekning i saueavlen (DMU), til 1. april.

Målet me oppdraget er å arbeide vidare med DMU-løysingane for maternaleffekt på vårvekt til indeksar.

**Vedtak:** Landsrådet for saueavl går inn for at Anne Guro Larsgard sitt engasjement hjå Nsg vert forlenga til 1. april 2001.

### **Sak 14/01 Orienteringssaker**

- a) Brev frå avlsutvalget i Aust-Agder ”indeksproblem mv. i praktisk sauehold.”
- b) Brev frå Rogaland sau- og geitalslag, ”avlssarbeidet på sau.”
- c) Brev frå Rendalen sau- og geitalslag, ”indeksberegningen 2000.”
- d) Brev frå avlsutvalget i Rogaland, ”§8 Klasse 1– Vêrlam til Kåring.”
- e) Brev frå avlsutvalget for sau i Vestfold, Buskerud og Telemark, ”Tilskot frå Tiltaksfondet.”

**Vedtak:** Orienteringssakene vart tatt til etterretning.  
Sak 14b) og 14d) vil verta diskutert nærare på møte i landsrådet før kåringa tek til hausten 2001.  
Sak 14/00 e) vert oversendt styret i Nsg.

### **Sak 15/01 Eventuelt**

#### **Seminastasjon på Særheim**

Det låg føre notat frå Geno angående framtidig produksjon av vêresæd på Særheim, der Geno, med bakgrunn i henvending frå Rogaland sau- og geitalslag, hadde føretatt ei foreløpig vurdering av ombygging og drift av dagens teststasjon for oksar. Rogaland sau- og geitalslag var kontakta av Nsg v/ seminkonsulenten.

Av notatet går det fram at dagens teststasjon for oksar kan gjerast om til seminastasjon for vêrer, dersom Nsg er interessert i dette.

**Vedtak:** Landsrådet for saueavl finn tankane om ei ombygging på seminastasjonen på Særheim interessante. Sjølv om dette vil kunne føre til ei avklaring i forhold til dei lokale seminastasjonane tidlegare enn det som er bestemt, meiner ein det er viktig å vurdere nøye dei moglegheitene som nå ligg føre. Ein ber styret vurdere saka.

ref.

Leiv Sigbjørn Eikje

**Vedlegg 1. Budsjetframlegg 2001**

**Midler frå Tiltaksfondet for småfe og fjørfe mm.:**

		Rekneskap 1999	Budsjett 2000	Budsjettsøknad 2001*	Budsjettframlegg 2001*
<b>1.0</b>	<b>Landsrådet for saueavl</b>	<b>82 335</b>	<b>50 000</b>	<b>50 000</b>	<b>45 000</b>
1.1	Møte og reisegodtgjersle	82 335	50 000	50 000	
<b>2.0</b>	<b>Avlskonsulent</b>	<b>387 242</b>	<b>420 000</b>	<b>440 000</b>	<b>440 000</b>
2.1	Lønn og sosiale utgifter	322 753		370 000	
2.2	Reiseutgifter	64 489		70 000	
<b>3.0</b>	<b>Avlstiltak (rammebevilgning)</b>	<b>5 183 707</b>	<b>5 580 000</b>	<b>6 425 000</b>	<b>5 980 000</b>
3.1	Tilskot til avkomsgransking	3 630 189	3 700 000	4 005 000	3 600 000
3.2	Tilskot til semin på sau	1 173 518	1 400 000	2 000 000	2 000 000
3.3	Databehandling sauekontrollen	380 000	380 000	420 000	380 000
3.4	Fylkesavslutvalg for sau og geit		100 000		
<b>4.0</b>	<b>Utviklingsarbeid</b>	<b>546 821</b>	<b>500 000</b>	<b>525 000</b>	<b>450 000</b>
4.1	1/1 stilling NLH			445 000	
4.2	Andre utviklingskostnader			80 000	
<b>5.0</b>	<b>Sekretariat for landsråda</b>	<b>340 016</b>	<b>300 000</b>	<b>400 000</b>	<b>250 000</b>
5.1	Lønn sekretær kontorhold		300 000	400 000	
	<b>Sum</b>	<b>6 571 749</b>	<b>6 850 000</b>	<b>7 840 000</b>	<b>7 165 000</b>

**Midler frå Omsetningsrådet:**

		Rekneskap 1999	Budsjett 2000	Budsjettsøknad 2001*	Budsjettframlegg 2001*
<b>1.0</b>	<b>Småfekonsulent</b>		<b>350 000</b>	<b>425 000</b>	<b>425 000</b>
1.1	Lønn og sosiale utgifter			325 000	
1.2	Kontorhald, IHF			60 000	
1.3	Reiseutgifter			40 000	
<b>2.0</b>	<b>Fylkesvist avlsarbeid på sau og geit</b>		<b>300 000</b>	<b>900 000</b>	<b>700 000</b>
2.1	Fylkesavslutvalg for sau og geit			700 000	
2.2	Landssamling			200 000	
<b>3.0</b>	<b>Møter landsråd</b>			<b>50 000</b>	<b>50 000</b>
<b>4.0</b>	<b>Utviklingsarbeid</b>			<b>500 000</b>	<b>500 000</b>
4.1	Plan for revisjon av saueavlen			500 000	
<b>5.</b>	<b>Brosjyre avlsarbeid</b>		<b>110 000</b>		
<b>6</b>	<b>Morsevneindeks</b>		<b>80 000</b>		

\* Budsjettsøknad gjeld midler det er søkt om frå Tiltaksfondet og Omsetningsrådet, medan budsjettframlegg er landsrådet si tilråding til styret i Nsg.

**Vedlegg 2. Skjema: Egenerklæringskjema for avlsbuskaper**



Norsk sau- og geitagslag  
Landsrådet for saueavl

## ***Egenerklærings skjema for medlemmer i avlsbuskaper***

*Skjemaet skal leveres i utfylt stand til leder i vøre-/seminringen/væreholdslaget innen 1. oktober det året man blir tatt opp som medlem. Styret sender kopi til avlsutvalget.*

Navn:	Adresse:
Produsentnummer:	Ringnummer:

	Ja	Nei
Jeg er kjent med regler for væreringer		
Jeg vil følge opp sauekontrollen sine frister for levering av vår og høstopplysninger		
Jeg vil følge opp pålegg om levering av slaktelam til fastsett frist		
Jeg vil unngå unødig livdyrkontakt med andre besetninger		
Jeg vil unngå unødig kjøp av livdyr, og bare etter godkjenning fra distriktsveterinæren		

*En gjør oppmerksom på at medlemmer som ikke følger opp ringarbeidet kan ekskluderes. Avlsutvalget i fylket er pålagt av Landsrådet for saueavl å følge opp dette.*

\_\_\_\_\_  
Navn

\_\_\_\_\_  
Dato

**Vedlegg 3. Skjema: Besetning- og eieropplysninger for medlemmer i avlsbuskaper**



Norsk sau- og geitagslag  
Landsrådet for saueavl

## ***Besetnings- og eieropplysninger for medlemmer i avlsbuskaper***

*Skjemaet skal leveres i utfylt stand til leder i vøre-/seminringen/væreholdslaget innen 15.mars hvert år. Styret sender kopi til avlsutvalget innen 1. april.*

Navn:	Adresse:
Produsentnummer:	Ringnummer:
Organisasjonsnummer:	Post-/Bankkontonummer:

Antall vinterfôra søyer i avlsbuskaper:	
Andre raser:	
Antall av andre raser:	

### **Opplysningene nedenfor gjelder situasjonen som var ved paringsesongens slutt**

Antall søyer inseminert:	
Antall søyer paret med elitevær	
Antall søyer paret med prøvevær	
Antall eliteværer brukt i naturlig paring	
Antall prøveværer brukt i naturlig paring	
Antall eliteværer brukt i semin	
Antall værlam stilt til kåring	

Gjennomsnittlig indeks på søyene paret med elitevær	
Gjennomsnittlig indeks på søyene paret med prøvevær	
Gjennomsnittlig indeks på søyer det ble satt på søylam etter	
Gjennomsnittlig indeks på værer det ble satt på søylam etter	

\_\_\_\_\_  
Navn

**Vedlegg 4.**

\_\_\_\_\_  
Dato

# **PROGRAM**



# LANDSSAMLING FOR AVLSUTVALGA

## 16. OG 17. MARS 2001

### Fredag 16. mars

kl. 09.30

Kaffi

kl. 10.00 – 10.15

Innleiing  
v/ Sigurd Krekke

kl. 10.15 – 10.45

1. Plan for revisjon av saueavlen - handlingsplan  
Gjennomgang v/ Sigurd Krekke

kl. 10.45 – 11.15

2. Indeksutrekning

kl. 11.15 – 12.00

a) Inndeling i avls- og bruksbuskpar v/Signe Dahl  
b) Morsevne basert på vårvekt v/ Anne Guro Larsgaard

kl. 12.00 – 13.00

Lunsj

kl. 13.00 – 13.30

Indeksutrekning forsetter

c) Augustindeks og foreløpig lammeindeks  
v/ Sigurd Krekke og Signe Dahl

kl. 13.30 – 14.00

d) Indeksar til seminavkom v/ Inger-Johanne Holme

kl. 14.00 – 14.30

3. Semin

a) Team Semin / Prosjekt Småfesemin  
v/ Heiko Paulenz

kl. 14.30 – 15.00

b) Seminåret 2000 v/Ingeborg Nygaard

kl. 15.00 – 15.45

c) Orientering frå dei lokale seminastasjonane i  
Rogaland, Hordaland og Troms

kl. 15.45 – 16.15

Kaffi

kl. 16.15 – 16.45

Semin forsetter

d) Nsg Semin A/S v/ Svein Brautaset

kl. 16.45 – 17.15

e) Uttak av seminvêrer 2001 v/ Olav Tiller

kl. 17.15 – 18.00

4. Semingransking v/ Signe Dahl

Til kvart tema er det sett av ca. 10 minutter til diskusjon

kl. 19.00

Middag

### Lørdag 17. mars

- kl. 08.30 – 08.45 5. Eigenerklæringsskjema for vêreringar  
v / Leiv Sigbjørn Eikje
- kl. 08.45 – 09.15 6. Kursmateriell for kåringsdommare v/ Leiv Sigbjørn  
Eikje
- kl. 09.15 – 09.45 7. PC-kåring v/ Lars Erik Wallin
- kl. 09.45 – 10.00 8. Ull i avlsarbeidet  
kl. 10.00 – 10.30 a) Vektlegging av ull i indeksen v/ Leiv Sigbjørn Eikje  
b) Ulldømming på kåringa v/ Sissel Berntsen
- kl. 10.30 – 11.00 Kaffi
- kl. 11.00 – 11.30 9. Erfaringar i Rogaland med kjøtkåring  
v/ Rune Osland
- kl. 11.30 – 11.45 10. Midler til det fylkesvise avlsarbeidet v/ Odd E.  
Risan
- kl. 11.45 – 12.00 11. Nytt frå Nsg v/ Odd E. Risan
- kl. 12.00 – 12.45 12. Oppsummering/ avslutning v/ Sigurd Krekke
- kl. 13.00 Lunsj
- Heimreise

